



Alle barnehagane i Hordaland

Dato: 02.11.2016
Vår ref.: 2014/13889-49
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Trafikksikring i barnehagen - gáve til alle barnehagane i Hordaland

Barn og trafikk er eit tema som både engasjerer og involverer. Uansett om det gjeld fortau, refleks eller sykkelhjelm, så er det kombinasjonen mellom aktivitet og kunnskap som best legg til rette for ein trygg trafikkvvardag. Trafikkopplæring går føre seg på ulike arena og må vere ein del av ein livslag læringsprosess, men i særleg grad er opplæring av barn og unge er eit viktig førebyggjande tiltak i trafikksikringsarbeidet gjennom å bidra til auka risikoforståinga og trafikksikker åtferd.

Det er ei viktig oppgáve å leggje til rette slik at dei yngste får eit godt grunnlag for å verte kunnskapsrike og ansvarsfulle trafikantar. I høyringsutkast til ny rammeplan for barnehage er det òg inne ei formulering som seier at barna skal lære å orientere seg og ferdast trygt. Materiellet og medlemsskap i Barnas Trafikkklubb vil bidra til god trafikkopplæring, og barnehagen er ein viktig arena sidan dei fleste barn mellom 2-6 år går i barnehage.

Barn har behov for gode rollemodellar som viser veg, og tek ansvar. Samstundes må barna involverast for å lære. Dette ønskjer Hordaland fylkeskommune ved Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) å støtte opp under, og sender difor denne hausten ut ei gáve med trafikksikringsmateriell til alle barnehagane i Hordaland. Hordaland fylkeskommune har ei målsetjing om at fleire skal gå og sykle til sine daglege gjeremål. Denne målsetjinga famnar også dei aller minste. Då er det avgjerande at det vert lagt til rette for at dei kan ferdast trygt på vegane, og at dei har kunnskap om trafikk og trafikkreglar. Gáva er difor meint å vere ei hjelptil snakke om trafikksikring med barna, og å lære dei meir om samspelet i trafikken.

I 60 år har Trygg Trafikk vore ein vesentleg pådrivar og kunnskapskanal for trafikksikringsarbeidet for barn, og mange har god kjennskap til deira arbeid og materiell. Barnas Trafikkklubb har også i generasjonar vore eit viktig verktøy for trafikkopplæringa, med materiell som rettar seg inn mot dei ulike aldersgruppene. No er Barnas Trafikkklubb å finne i ny, digitalisert form, og vi oppmodar barnehagane å gjere seg kjend med det som ligg på nettsida www.barnastrafikkklubb.no. Medlemskap i Barnas Trafikkklubb er gratis, og ein god måte å sikre at barnehagen arbeider systematisk og godt med trafikksikring.

Nils T. Bjørke
leiar i Fylkestrafikksikringsutvalet

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.